



Møtebok

Arbeidsutvalet, Villreinnemnda for Setesdalområdet

Telefonmøte

14. juni 2016, kl.10.00-11.00

Faste medlemmar til stades:

Torbjørn Fjermestad	Arbeidsutval	Gjesdal
Lill Synnøve Laugaland	Arbeidsutval	Hjelmeland
Mona Riis	Arbeidsutval	Kviteseid

Faste medlemmar ikkje til stades:

Tommy Vatslid	Nestleiar	Bykle
Margit Smeland	Leiar	Åmli

Alle saker og forslag til vedtak var på førehand gjennomgått og godkjend av leiar Margit Smeland. Margit står bak alle forslag og vedtak.

Frå administrasjon:

Jarle Lunde, sekretær

Sakliste

- Sak 16/16: Høringuttale - Søknad om løyve til bygging av Borsæ kraftverk i Tokke kommune i Telemark
- Sak 17/16: Uttale til søknad: Eivindsvatn kraftverk og ombygging av inntak Eivindsvatn i Kvinesdal kommune, Vest-Agder
- Sak 18/16: Referatsaker/Eventuelt

Sand 14. juni 2016

Jarle Lunde
Sekretær



SAK 16/16

Høringuttale - Søknad om løyve til bygging av Borsæ kraftverk i Tokke kommune i Telemark

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	14.06.16	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

- [Høringsbrev Borsæ kraftverk](#)
- [Konsesjonssøknad Borsæ kraftverk](#)
- [Kart med villreindata for område \(Miljøstatus\)](#)

Saka

NVE har motteke søknad frå Skafså Kraftverk ANS om løyve til bygging av Borsæ kraftverk i Tokke kommune. NVE har sendt saka på høring med svarfrist 30. april 2016.


Villreinnemnda fikk ikkje saka tilsendt frå NVE. Først når lokal representant i nemnda etterlyste saka blei sakshandsamar klar over saka. Ved kontakt med NVE er dette avklart, NVE ser at dette er ein glipp frå deira side. Ny høyringsfrist: 15.juni.

Borsæ kraftverk

Skafså kraftverk ANS ønsker å nytta fallet i Uråi i Tokke kommune mellom Urevatn og Borsæ til kraftproduksjon. Urevatn er regulert og Uråi er regulert ved at vatn frå Urevatn blir tappa ned i magasinet Borsæ. Urevatn blei regulert i 1953. Urevatn er det øvste reguleringsmagasinet av fleire i ein streng av magasin eigd av Skafså kraftverk.

Borsæ kraftverk vil nytta eit fall på ca. 50 meter, med inntak i eksisterande dam Urevatn. Inntaksterskelen er tenkt lagt på LRV i Urevatn (kote 795), derfrå skal vatnet førast i nedgrove røyr på 1,65 km til kraftstasjon på kote 757. Planlagt kraftstasjon (90 m²) er tenkt plassert i ei bukt eit stykke unna der Uråi renn ut i Borsæ. Berekna produksjon er 7,6 GWh.

Det er ikkje slipp av minstevassføring til Uråi. Normalt blir det tappa vatn frå Urevatn gjennom tappeluka i dammen vinter/vår. Om kraftverket blir bygd vil det bli vesentlig endring av vassføringa, da alt vatn med unntak av minstevassføringa vil gå gjennom kraftverket. Restfeltet 600 meter nedstrøms dammen vil bidra noe til vassføring i Uråi.



Transport av utstyr og maskiner er tenkt utført ved hjelp av flåte på Borsæ. Det må likevel byggjast permanent tilkomstveg frå strandkanten til kraftstasjonen, om lag 150 meter.

Landskapsmessig vil det vere markerte gater i terrenget etter røyrgate og anleggsveg. Med tida vil gata i terrenget gro at og bli mindre synleg.



Kart viser plassering av tiltaksområde (ring) og nasjonalt villreinområde (grøn farge).

Vurdering

Omtale av villrein i konsesjonssøknad er mangelfull

Konsesjonssøknaden har i liten grad omtalt villrein:

- Det blir oppgitt at området er del av Setesdal Austhei villreinområde.
- Det er registrert ein trekkveg for villrein over Urdalen litt nedanfor Urvassdammen. Denne vil krysse rørtrasèen.
- Området ligg innanfor villreinen sitt leveområde, men utover anleggsperioden vil villreinen bli lite berørt av utbygginga, jfr konsesjonssøknad.

Bortsett frå at «utover anleggsperioden vil villreinen bli lite berørt av utbygginga», blir ikkje moglege konsekvensar for villrein omtalt. Ingen avbøtande tiltak er foreslått.

Sekretæren vil her påpeike at utredninga om biologisk mangfald som det blir vist til i søknaden, blei levert i 2011. Dette er før Heiplanen og resultat frå GPS-prosjektet blei publisert.

Villreinen i området


Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag utgjer villreinen i Norge siste rest av denne arten i Europa, og stammen i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er den sørlegaste førekomsten.

Desse heiområda utgjer dermed dei sørlegaste fjellområda i Europa med intakte høgfjellssystem som inkluderer villrein.

I nyare tid har det vore tamreindrift i Setesdal Austhei. Dette tok slutt i 1979 og jakt blei opna i 1981. Området er etter dette definert som villreinområde. Jfr bestandsplanen for området er målet at det skal vere 1500 villrein.

Setesdal Austhei er nærmast delt i to av Rv. 45 mellom Valle og Tokke over Store Bjørnevatn. Nordområdet har mye samanhengande høgfjell og utgjer vinterbeite, mens skogsområda i syd utgjer sommarbeite.

Kartet til høgre er plott frå GPS-merka simler (GPS-prosjektet 2006-2010). Som ein kan sjå er majoriteten av dyr lenger vest i heia. Ingen av dei merka dyra har vore i tiltaksområdet, men på Spafjell i sydvest.



Frå grunneigarar i og nær tiltaksområdet har sekretær fått opplyst:

- På 80-talet var det mye dyr i området
- På 90-talet var det mindre dyr
- Etter fleire år utan jakt etter år 2000, blei det igjen fleire dyr
- I dag ser ein dyr regelmessig. Om sommaren mindre bukkeflokkar. Utover hausten og vinteren ser ein og fostringsflokkar i området. Med andre ord trekker og beiter det villrein i det aktuelle området året rundt.

Statens naturoppsyn ved Peter Hermansen meiner og at villreinen i området er underrepresentert i GPS-dataene.

Når det gjeld trekk viser Gps-dataene at dyra har nytta området i vest under det årlege trekket mellom nord og sør (vest for Urevatnet og Store Bjørnevatn). Tidligare skal og området aust for Store Bjørnevatn, ved Hallbjørnsekken vere eit brukt trekkområde (Jordhøy 2005, NINA Minirapp 106). Nord for dette ligg det 7 km lange Urevatn/Folurdvatn med sine bratte fjellsider. Det er sær viktig at villreinen ikkje blir hindra i å nytta områda også aust for dette vatnet som ein trekkorridor. Om tiltaket blir realisert blir dette mellom inntak og kraftstasjon.

Villreinen er eit flokkdyr med eit nomadisk levevis. Beite på eit ekstremt skrint næringsgrunnlag gjer at dyra bruker store område. Andre stader ligg tilsynelatande unytta av reinen over lang tid og synes uvesentlige, det treng dei det ikkje vere. Villreinen sitt bruksmønster endrar seg i takt med beiteslitasje, snømengde og nedising av beite. Leveområde som er lite nytta over lang tid kan difor ses på som kvilande areal eller reserveareal. Lange tidsperspektiv er difor sentralt i arealforvaltninga sett frå villreininteressar.

Det var [Stortingsmelding nr 21 \(2004-2005\)](#), [Rikets miljøtilstand](#), som la grunnlaget for arbeidet med regionale planer som skal sikre villreinens leveområder. I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt.

Det planlagde utbyggingsområdet ligg innanfor grensene som er sett for [nasjonalt villreinområde](#). I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. Når det gjeld kraft heiter det i planen at ein bør unngå nye kraftanlegg, men at det kan gjerast unntak for tiltak som ikkje innebere vesentleg negativ betydning for villreinen.

Tiltaksområdet har allereie inngrep frå kraftproduksjon då både Urevatn og Borsæ er reguleringsmagasin med reguleringssoner på 13,2 meter og 13 meter. Villreinen reagerer lite på faste installasjonar. Inntak (i eksisterande dam) og nedgrave røyrgate har dermed i seg sjølv eit lågt konfliktpotensial. Korleis kraftverket med støy vil påverke reinen er meir usikkert.

Tiltaket vil føre til at villreinen i området vil påverkast negativt i anleggsfasen. Ein kan forvente at reinsdyr vil unngå området i den aktuelle perioden.

Auka aktivitet i samband med tilsyn og drift etter at anleggstida er over vil og vera uheldig, sett i høve til det som er dagens situasjon.

I Sør-Norge har det blitt bygget eit stort tal vegar, kraftmagasin og hytter i og nær villreinområda dei siste 30 år. Inngrep og forstyringar har gjort villreinen sitt leveområde stadig mindre og meir oppdelt. Det gjeld og i Setesdal Austhei, ikkje minst langs riksveg 45, og i særleg grad i områda ved Bjørnevatt. Med bakgrunn i dette er det vesentleg at ein i ulike saker knytt til arealdisponering vurderer den totale belastninga villreinen er utsett for. Ein må unngå at ein bygger ned villreinen sitt leveområde bit for bit. Gitt konsesjon i nasjonalt villreinområde kan og skape presedens som vil auke presset på å tillate liknande tekniske inngrep i villreinområdet.

Framlegg til uttale

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Det omsøkte utbyggingsområde ligg innafor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda.

Søkar har liten grad skaffa til veie kunnskap om villreinen i området, kva konsekvensar utbygginga vil kunne få, og kva tiltak som vil kunne vere avbøtande. Villreinnemda viser til at tiltaksområde er nytta av villrein heile året og at det er særskilt viktig at villreinen ikkje blir hindra i å nytta områda aust for Urevatnet som leveområde og som trekkorridor.

Villreinnemda frarår at det blir gitt løyve til utbygging av Borsæ kraftverk.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak til uttale:

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Det omsøkte utbyggingsområde ligg innafor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda.

Søkar har liten grad skaffa til veie kunnskap om villreinen i området, kva konsekvensar utbygginga vil kunne få, og kva tiltak som vil kunne vere avbøtande. Villreinnemda viser til at tiltaksområde er nytta av villrein heile året og at det er særst viktig at villreinen ikkje blir hindra i å nytta områda aust for Urevatnet som leveområde og som trekkorridor.

Villreinnemda frarår at det blir gitt løyve til utbygging av Borsæ kraftverk.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Kopi til:

Tokke kommune
Setesdal Austhei Villreinlag
Fylkesmannen i Telemark
Telemark fylkeskommune
Forum for Natur og Friluftsliv
NJFF – Telemark



SAK 17/16

Uttale til søknad: Eivindsvatn kraftverk og ombygging av inntak Eivindsvatn i Kvinesdal kommune, Vest-Agder

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	14.06.16	Jarle Lunde

Sira-Kvina kraftselskap (SKK) har søkt NVE om løyve til å bygge om inntak i Eivindsvatn og til å bygge Eivindsvatn kraftverk i Kvinesdal kommune.

NVE har sendt saka på høyring med frist 15.juni.

Bakgrunnsdokument

- [Konsesjonssøknad Eivindsvatn kraftverk](#)
- [Kart: Leveområde for villrein i området \(Miljøstatus\)](#)

Bakgrunn

Eivindsvatn ligg på 839 m.o.h. helt nord i Kvinesdal kommune og i ytterkant av Setesdal Vesthei Landskapsvernområde. Eit felt på 24,1 km² drenerer mot vatnet, og blir i dag overført via tunnel i nordvestlig retning til Vikevatn og mot magasin Nesjen (Kvifjorden). Dette er ein del av Sira-Kvina utbygginga. Tiltaksområdet ligg frå omlag 700 til nær 1000 m.o.h.

Sira-Kvina kraftselskap ønsker å utnytte vassfallet mellom Eivindsvatn og Storhomstjern i eit nytt kraftverk. Dette vil dei bygge i dagen ved austre ende av Storhomstjern. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5 MW og ein årleg middelproduksjon på 14,65 GWh. Frå Eivindsvatn er det allereie ein overføringstunell med utløp ved Landsløkbekken. Kraftselskapet vil forlengje overføringa med ein ny tunnel som blir knyta til eksisterande og går 1,6 km vidare til kraftstasjonen. For å auke kapasitet i overføringa ønsker kraftselskapet å bygge om tunnelinntaket ved Eivindsvatn. Med auka kapasitet i overføringa vil eit større del av tilsiget til Eivindsvatn også utnyttast i Solhom kraftverk, som vil auke produksjonen med 4 GWh per år.

Det er planlagt ny permanent veg frå Nesjendammen til dammen ved Storhomstjern og derfrå anleggsveg til kraftstasjonen. Vegen vil være stengt for ålmenta med bom. Nett-tilknytning vil skje ved 3 km jordkabel i vegtraseen frå kraftstasjonen til påkoplingspunkt.




Eivindsvatn

- Inntak
- Kraftstasjon
- Dam/terskel eksisterende
- Vannstreng berørt (tilbakeført til naturtilstand)
- Tunnel ny
- Tunnel eksisterende
- Nedbørfelt

 N	0 1 2 km	 Karttjenester AS <small>www.karttjenester.no</small>
	1:50 000 (A3) <small>Date: 24.09.2012 Sign: AM/AMG</small>	

Prosjektet er eit O/U-prosjekt i samband med revisjon av konsesjonsvilkår for SKK.

Eivindvatn ligger innenfor Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.



Vurdering

Villreinen i området

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag utgjer villreinen i Norge siste rest av denne arten i Europa, og stammen i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei er den sørlegaste førekomsten. Desse heiområda utgjer dermed dei sørlegaste fjellområda i Europa med intakte høgfjellssystem som inkluderer villrein.

Hele tiltaksområdet er registrert som leveområde for villrein. Reinens bruk av området vil utifrå generell kunnskap om områdebruken være som beite for bukk om sommaren og elles i periodar som vinterbeite.

Nordaut for Eivindsvatn er det eit større trekkområde.

Nedre del av området omkring Storhømtjødn inngår i eit areal betegnet som marginalt område for villrein. Dette er eit av fleire område i Setesdal Ryfylke som har vore inne i tidlegare kartgrunnlag, men der ein meiner arealbruken har hatt avgrensa omfang (Norsk Villreinsenter Sør rapport 06/2010).

Forholdet til Heiplanen og landskapsvernområde

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Inntaksområdet ved Eivindsvatn og for ny tunnel ligg innanfor grensa som er sett for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. Når det gjeld kraft heiter det at ein bør unngå nye kraftanlegg, men at det kan gjerast unntak for tiltak som ikkje innebere vesentleg negativ betydning for villreinen.

Sjøelve kraftverket og ny anleggsveg ligg i bygdeutviklingssona. Dette er utviklingssona der nye større tiltak primært skal kanalisert til. Her prioriterast planar og tiltak som fremmar bærekraftig bygdeutvikling. Villreinenens interesser regnes å være avklart i denne sona.

Grensene for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde er som Heiplanen: Inntak ligg i verneområde, kraftverket ligg utanfor.

Konsekvensar

Kraftstasjon, driftsområde og anleggsveg ligg i eit marginalt villreinområde som med Heiplanen regnes å vere avklart i forhold til villreininteresser.

Tilkomst til kraftstasjon vil vere stengt med bom slik at all trafikk/ferdsel på denne vegen ikkje vil vere større enn naudsynt. Dette kan og sjåast som eit avbøtande tiltak utifrå villreininteresser.

Påkopling til eksisterande tunell vil skje i fjellet. Tilkomst til påkoplingspunkt vil skje via eksisterande veg. Det framgår ikkje om denne vegen er stengt med bom. Det bør den vere med same grunnjeving som i avsnittet ovanfor.

Redusert vassføring i elva mellom tilkoplingspunkt og kraftstasjonen ved Storhomstjødn vil ikkje påverke villreinen sin bruk.

Vatnet frå Eivindsvatn blir i dag overført med ein 3 km lang tunnel. Ved ein bygningsfeil har inntaket ein lågare kapasitet enn gitt i konsesjon. Kraftselskapet ønskjer no å bygge om inntaket. Vasstanden blir oppretthalde på dagens nivå.

Ombygging av inntak Eivindsvatn medfører noe sprenging i fjell. Byggeperioden er estimert å ta 1-2 månadar. I denne tida vil det medføre helikoptertransport. Tiltaket vil føre til at villreinen i området vil påverkast negativt i anleggsfasen. Ein kan forvente at reinsdyr vil unngå området i den aktuelle perioden.

Byggeperioden leggst til sommaren slik at villreinen blir påverka minst mogleg. I denne perioden er området nytta av bukkar som er meir tolerante ovanfor forstyrring enn simler/ungdyr.

Når det gjeld inntaket reagerer villreinen lite på faste installasjonar. Dette har dermed eit lågt konfliktpotensial.

Det er ikkje forventta meir tilsyn med nytt inntak enn med noverande. Omfanget er om lag 4-5 gonger i året.

Setesdal Vesthei er frå naturen si side eit marginalt villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Eit anna særpreg er ei rekkje tyngre naturinngrep som har bidrege til ei vesentleg fragmentering av området og som påverkar leveområda til villreinen. I tillegg til kraftutbygging er det vegutbygging, hytteutbygging, ferdsel med meir. Med bakgrunn i dette er det vesentleg at ein i ulike saker knytt til arealdisponering vurderer den totale belastninga villreinen er utsett for. Med bakgrunn i dette er det veldig viktig at ein i ulike saker knytt til arealdisponering vurderer den totale belastninga område er utsett for. Det synest i den samanheng til §10 i naturmangfoldlova vedkommande krav om vurdering av "*samlet belastning*". Ein må unngå at ein bygger ned villreinen sitt leveområde bit for bit.

Framlegg til uttale

Sira-Kvina kraftselskap (SKK) har søkt NVE om løyve til å bygge om inntak i Eivindsvatn og til å bygge Eivindsvatn kraftverk i Kvinesdal kommune.

Inntaksområdet ved Eivindsvatn og påkoplingsstad for ny tunnel, ligg innafor grensa som er sett for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. Når det gjeld kraft heiter det at ein bør unngå nye kraftanlegg, men at det kan gjerast unntak for tiltak som ikkje innebere vesentleg negativ betydning for villreinen.

Arbeidet ved Eivindsvatn er ei ombygging av eksisterande inntak og vil medføra noe sprenging i fjell. Byggeperioden er estimert å ta 1-2 månadar. Tiltaket vil føre til at villreinen i området vil påverkast negativt i anleggsfasen. Ein kan forvente at reinsdyr vil unngå området i den aktuelle perioden.

Sjøelve kraftverket og ny anleggsveg ligg i bygdeutviklingssona i Heiplanen. Dette er utviklingssona der nye større tiltak primært skal kanaliseras til. Her prioriterast planar og tiltak som fremmar bærekraftig bygdeutvikling. Villreinens interesser regnes å være avklart i denne sona.

Ut frå opplysningane som ligg føre har ikkje villreinnemda store innvendingar til SKK sine planar om Eivindsvatn kraftverk og ombygging av inntak Eivindsvatn. Me legg då vekt på at SKK tek omsyn til villrein både i anleggstida og seinare i samband med tilsyn og drift.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

[Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda](#)

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Uttale:

Sira-Kvina kraftselskap (SKK) har søkt NVE om løyve til å bygge om inntak i Eivindsvatn og til å bygge Eivindsvatn kraftverk i Kvinesdal kommune.

Inntaksområdet ved Eivindsvatn og påkoplingsstad for ny tunnel, ligg innafor grensa som er sett for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. Når det gjeld kraft heiter det at ein bør unngå nye kraftanlegg, men at det kan gjerast unntak for tiltak som ikkje innebere vesentleg negativ betydning for villreinen.

Arbeidet ved Eivindsvatn er ei ombygging av eksisterande inntak og vil medføra noe sprenging i fjell. Byggeperioden er estimert å ta 1-2 månadar. Tiltaket vil føre til at villreinen i området vil påverkast negativt i anleggsfasen. Ein kan forvente at reinsdyr vil unngå området i den aktuelle perioden.

Sjøelve kraftverket og ny anleggsveg ligg i bygdeutviklingssona i Heiplanen. Dette er utviklingssona der nye større tiltak primært skal kanaliseras til. Her prioriterast planar og tiltak som fremmar bærekraftig bygdeutvikling. Villreinens interesser regnes å være avklart i denne sona.

Ut frå opplysningane som ligg føre har ikkje villreinnemda store innvendingar til SKK sine planar om Eivindsvatn kraftverk og ombygging av inntak Eivindsvatn. Me legg då vekt på at SKK tek omsyn til villrein både i anleggstida og seinare i samband med tilsyn og drift.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Kopi til:

Forum for natur og friluftsliv Agder
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder
Kvinesdal kommune
Vest-Agder fylkeskommune
SVR



Sak 18/16

Referatsaker / Eventuelt

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	14.06.16	Jarle Lunde

1. NVE avslår søknad om løyve til å bygge Bjørnvatn kraftverk

(26.05.16) NVE stør villreinnemnda sine synspunkt gitt i sak 15/17, 07.08.2015:

«NVE avslår søknad frå Norsk Vannkraft AS om løyve til å bygge Bjørnvatn kraftverk i Vasstøylsåni i Valle kommune i Aust-Agder grunna konflikt med villrein. Bjørnvatn kraftverk ville hatt ein årleg produksjon på om lag 6 GWh, noko som svarar til straumbruken til om lag 300 husstandar.

Kraftverket var planlagt i eit nasjonalt villreinområde som også er eit særleg viktig trekkområde for villreinen. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ivareta villreinen. Den samla belastninga i området er stor frå før, og ein utbygging av Bjørnvatn kraftverk vil bidra til ytterlegare press på villreinstamma. Etter NVE sitt syn er det ikkje moglegheiter for gode avbøtande tiltak.»

2. SVR er positive til dispensasjon for Storå, Pytten og Langevassåni kraftverk, villreinnemnda sender klage på vedtak

Verneområdestyret for SVR hadde møte 25.mai og gjorde mellom anna desse vedtaka:

Vedtak Storå:

«SVR støtter søknad fra SKK og gir dispensasjon etter § 48 i Naturmangfoldloven da dette ikkje oppfattes å medføre ulemper i forhold til naturtyper og villrein i SVR. Saken går da vidare til melding og konsesjonssøknad.»

Vedtak Pytten:

«I medhald av § 48 i Naturmangfoldlova får Småkraft AS godkjend søknaden om dispensasjon til å bygge Langevassåni og Pytten kraftverk i Bygland kommune. Utbygging av desse kraftverka er til liten ulempe i høve verneformålets andre punkt, og til svært god nytt i høve verneformålets første punkt. Med omsyn til å syte for at kulturlandskapet rundt garden Pytten - med det dyre- og planteliv, kulturminne og beitelandskap som vil gå tapt om gardsdrifta vert lagt ned - vil tiltaket ha stor betydning for at dette kulturlandskapet kan haldast i hevd.»

Verneområdestyret oppmodar Bygland kommune, Fylkesmannens landbruksavdeling og Aust-Agder fylkeskommune til saman med grunneigar å finne løysingar som kan lette bruken av fjellgarden Pytten og sikre bevaring av kulturlandskapet og kulturminna. Forvaltingssekretariatet tar initiativ til at dette arbeidet vert sett i gang.»

Villreinnemda har i begge desse sakene fraråd dispensasjon etter verneforskrift og § 48 i Naturmangfoldlova (sak 6/16 og 12/16). Det var semje i arbeidsutvalet om at det må klagast på begge vedtaka.

I forkant av møte hadde verneområdestyret møte med fagleg rådgivande utval der Torbjørn Fjermestad representerer villreinnemda.

SVR: [Møteinnkalling. Styremøte 02/2016 i SVR](#)

SVR: [Møteprotokoll. Styremøte 02/2016](#)

Fagleg rådgivande utval, SVR: Referat?

3. Befaring i Lysefjorden

1.juni var Lill Sønnøve Laugaland på synfaring i Lysefjorden i samband med ei klagesak der NVE har gitt innstilling til Småkraft AS sin søknad om bygging av Dalaåna, Nordåna og Øvre Dalaåna kraftverk, og om Lyse Produksjon AS sin søknad om overføring av tre felt frå Daladalen til Lyngsvatnet.

4. Sekretærkurs/Fagdag

Jarle Lunde har vore på kurs for nemdsekretærar og på fagdag Villrein (31/5-2/6). Alle nemdsekretærar vil frå og med juni vere operative med sakshansamarverktøyet ePhorte, Sekretær vil og få redigeringsansvar på villrein.no. Referat og foredrag : <http://www.villrein.no/aktuelt/oppstartsseminar-for-nemndssekretariater>

Jarle var einaste representant frå nemda på Fagdag på Skinnarbu. Referat og foredrag; <https://villrein-no.squarespace.com/aktuelt/stor-oppslutning-om-fagdagen>

5. GPS-prosjektet

Tommy Vatslid og Torbjørn Fjermestad var på møte i GPS-merkeprosjektet 2.-3.juni. Referat?

6. Villreinmøte i Åseral og Hjelmeland

Villreinnemda, i samarbeid med villreinlag, Statens Naturoppsyn (SNO) og ansvarlig fylkesmann, hadde informasjonskveld 23. mai i Åseral og 24. mai i Hjelmeland. Til saman deltok nær 70 engasjerte folk på møta. Mange aktørar er involvert i forvaltning av hei og dyr, og rollene og ansvaret blei godt belyst.

Lill Synnøve Laugaland (Hjelmeland) og Kari Røynlid (Åseral) representerte nemda.

Les meir: <http://www.villrein.no/aktuelt/villreinmter-i-sr>